



Tingvoll, 11.4.2023

Sunndal kommune  
[post@sunndal.kommune.no](mailto:post@sunndal.kommune.no)

## FORVALTINGSPLAN FOR HJORTEVILT

Det er rogn, osp, selje, alm og blåbær som talar. Dei talar ikkje norsk, men dei talar.



Rogn, osp, selje og alm ropar fordi dei frys. Hjortedyra tar kledda frå dei, så dei står nakne der ute både sommar og vinter. Ikkje berre frys, men tørkar ut gjer dei også. HJELP!

Blåbæra er meir likesæl. Om ikkje hjortedyra kjem for å ete dei, så kjem det nokre andre. Men dei andre tar ikkje for seg så mykje. Det blir meir som ein ein stuss med hekksaks, ein blir fin og tett når dei andre held på. Når hjorten kjem, så når dei ikkje lenger over mosen. Ein annan ting er at desse andre som likar blåbær, kan jo bli opprådde fordi den tilgjengelege blåbæra blir tatt av hjortedyra.

Vi registrerer at fagmiljøet seier hjorteviltbestanden er redusert og at ein skal vere varsam med å sleppe bestanden for mykje ned. Det er ganske sikkert rett så lenge ein berre ser på hjorteviltet, men ein plikter å sjå dette ut frå heile naturmangfaldet. Då blir dette annleis. Sjå etter kva føremålsparagrafen i viltlova seier om naturmangfaldslova. I § 1 finn de dette: «*Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares.*» Det er altså meininga at ein skal løfte auga litt over hjorteviltet og sjå litt også på resten av naturen.

Av ROS-artane og alm ser ein i større område berre store, eldre tre som er nesten daude. Det som måtte vere av forynging er korte skot som er knapt halvmeteren og har spor etter beiting mange gongar. Satsar ein framtida på noko slikt, blir det som å ha ein stor gamleheim og ingen skule i lokalsamfunnet. Artane døyrt ut når det ikkje lenger er nokon som kan ordne forynging.

Dei manglande årgangane er så mange og skadane så store at det ikkje hjelp å gå ned til vanleg balansepunkt. Ein må sleppe hjorteviltbestanden mykje meir ned, så dei nemnte artane kan ta seg inn igjen.

Vi er klar over at fråsegna vår er sendt etter fristen. Hjortevilt har 43 treff i høyringsdokumentet, naturmangfold har ingen. Sidan heile prosedyren etter naturmangfaldlova manglar, så gjer det ikkje noko. De må tilbake til start for å få med dykk denne delen av saka før de kan legge fram noko som helst til vedtak i kommunen.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær